



Fedje kommune
Adm.bygg
5947 FEDJE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Fedje kommune - budsjett 2023 og økonomiplan 2023 - 2026

Fedje kommunestyre har i møtet 15.12.2022, sak 77/2022, handsama og vedteke budsjett 2023 og økonomiplan for 2023 – 2026. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar.

Oppsummering

Det er positive netto driftsresultat i heile planperioden. Kommunen legg også i år opp til eit stramt men realistisk budsjett for å oppretthalde tenestenivået på om lag same nivå som budsjettåret, og eit investeringsnivå som er moderat.

Det er positivt at det er med tenestemål både for budsjettåret og økonomiplanperioden for dei ulike tenestene.

Vi minner om at kommunelova § 14-2 pålegg kommunestyret å vedta finansielle måltal / handlingsreglar for utviklinga av kommunens økonomi for heile perioden, og at skjema som viser utviklinga av den langsiktige gjelda, vert utarbeidd.

Resultat 2022

Etter førebelse Kostra-tal for 2022 fekk kommunen (som konsern) eit netto driftsresultat på 3,9 mill. kroner. Det utgjer 4,2 prosent av driftsinntektene og vart avsett til fond. Disposisjonsfondet (fri eigenkapital drift) er ved utgangen av 2022 på 9,8 mill. kroner, som utgjer 11,3 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 14,4 prosent.

Budsjett 2023

Budsjettet er i balanse med eit netto driftsresultat på 756 000 kroner, som tilsvarar 0,86 prosent av brutto driftsinntekter. Driftsresultatet skal overførast til investering. Resultatet ligg under det anbefalte nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU) på 1,75 prosent. Det gode driftsresultat for 2022



ligg over det anbefalte nivået, og gir kommunen ein god inngang til planperioden. Snittet på netto driftsresultat for landet utgjorde 2,6 prosent i 2022.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) viser at kommunen budsjetterer om lag på same nivået som prognosemodellen til KS viser etter saldert budsjett og oppdaterte skattetal. Folketalet har gått opp siste året med 2,2 prosent, som utgjør 11 personar.

Sum investeringar i anleggsmiddel utgjør 12,5 mill. kroner. Dei største investeringane er til kyrkjegard og til Gamlebanken næringsbygg. Investeringane skal finansierast med nytt låneopptak på 6 mill. kroner, i tillegg til sal av driftsmidlar for 3,5 mill. kroner og 2,4 mill. kroner i kompensasjon for meirverdiavgift.

Økonomiplan

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter for 2024–26 viser mindreforbruk i alle år. 720 000 kroner i 2024 (0,80 %), 959 000 kroner i 2025 (1,05 %) og 1,1 mill. kroner i 2026 (1,27 %). Overskota er planlagt overførte til investering. Driftsoverføring til einingane er om lag på same nivå for heile perioden.

Langsiktig gjeld utgjorde 31,5 mill. kroner ved utgangen av 2022, noko som tilsvarar om lag 33 prosent av driftsinntektene. Tilsvarande er gjennomsnittet for landet (utan Oslo) 114 prosent. Det er budsjettert med samla investeringar i driftsmidlar i perioden på 16,2 mill. kroner, der om lag 1,2 mill. kroner utgjør investeringar til sjølvkost.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal/handlingsreglar for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Vi kan heller ikkje i år sjå at kommunestyret har vedteke handlingsreglar/finansielle måltal for inneverande økonomiplanperiode.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Det er positive netto driftsresultat i heile planperioden. Kommunen legg også i år opp til eit stramt men realistisk budsjett for å oppretthalde tenestenivået på om lag same nivå som budsjettåret, og eit investeringsnivå som er moderat.

Vi minner på nytt om at kommunelova § 14-2 pålegg kommunestyret å vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi for heile perioden. Dette gjeld spesielt for netto driftsresultat, langsiktig gjeld og disposisjonsfond. Vi ser utfordringane dykkar knytt opp til folketal, og at det er vanskeleg å setje mål ut frå dette. Vi ber likevel om at de skriv noko om finansielle måltal i neste års budsjett. Folketalsutvikling og demografi er elles godt belyst.

I forskrift for økonomiplan og budsjett går det fram at dei obligatoriske oppstillingane skal visast for heile økonomiplanperioden. Vi ber på nytt om at skjema etter § 5-7 i forskrifta, som viser utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar, må utarbeidast og takast med i dokumentet for seinare år.



Dokumenta er elles oversiktlege, og inneheld ei grei orientering av tenestekområda. Det er positivt at det er med tenestemål både for budsjettåret og økonomiplanperioden for dei ulike tenestene.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent